



Det Kongelige Landbruks- og matdepartement
Pb 8007 Dep.

0030 OSLO

Areal og forvaltning

Saksh: Sissel Lilleland

Tlf: 53 65 61 30

Dato : 13.10.2014

Vår ref: 14/14131

Dykkar ref:

Arkiv: K2-V13, K3-&13

HØYRING - FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT I JORDBRUKET

Vindafjord kommune viser til mottatt høringsframlegg om ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Forskrifta skal etter planen tre i kraft 1. januar 2015, og er sendt på høyring med frist 20. oktober 2014.

Vindafjord kommune sin konklusjon er at forskrifta framleis og i like stor grad er basert på skjøn, noko som ikkje ber preg av forenkla sakshandsaming. Ei stor grad av skjøn i sakshandsaminga, aukar også risikoen for ulik tolking av regelverket både på fylkes- og kommunenivå. Samstundes får kravet til aktsemd hjå søkjaren stadig større fokus. Eit klart og tydelig regelverk - som både bonden og forvaltninga kan handtere på ein god måte, bør vere eit minstekrav dersom formålet med å endra forskrifta skal vere forenkling.

Vurdering og uttale:

Vindafjord kommune har merknader til fleire av endringane i regelverket og vil omtale dei i kronologisk rekkefølge.

2 – Grunnvilkår

Oppheving av kravet om tilknytning til landbrukseigedom kontra kravet om «vanlig jordbruksproduksjon». Jordbruk utan jord / fjøsbygning på eit industriområdet / sauer i garasjen – er det «vanlig jordbruksproduksjon»? Det å opne for nye driftsformer utan krav til landbrukseigedom, kan i neste omgang generere nye tidkrevjande vurderingar for tilskotsforvaltninga.

Vindafjord kommune foreslår å oppretthalde kravet om tilknytning til landbrukseigedom i regelverket. Ved å sleppe opp for stadig nye driftsformer, der det blir sett vilkår om «vanlig landbruksproduksjon», kan i neste omgang føre til nye tidkrevjande vurderingar for tilskotsforvaltninga.

3 – Driftsfellesskapsregelen

Driftsfellesskapsregelen i dagens forskrift såg dagens lys i 2002, og har skapt mykje frustrasjon i forvaltninga og blant bønder. Intensjonen med å skape handlingsrom var sikkert god, men den har også skapt mykje byråkrati for å vurdere kva som var innafor handlingsrommet og kva som var utafor. Vår påstand er at det er brukt enorme ressursar i alle ledd i byråkratiet på å utøve skjøn innafor temaet driftsfellesskap. Med eit omfattande regelverk som utløyser stor grad av skjøn, er det vanskelig for bonden å ta stilling til kva som er innafor eller utafor regelverket. Ei fjerning av regelen om felles eigarinteresser er med på å forsterke denne påstanden, og vil føre til meir uvisse både for søkjar og kontrollør. Det finst

mange døme på at kommunen seier ok, fylkesmannen seier nei og landbruksdirektoratet ja. Denne problemstillinga vil garantert forsterke seg dersom det nye regelverket vert sett i verk slik det ligg føre.

Vindafjord kommune foreslår at forskrifta blir endra til – ein landbrukseigedom – eit produksjonstilskot. Berre på denne måten kan ein unngå driftsfellesskapsregelen, slik at alle tilskotsmottakarar får lik og rettferdig handsaming utan dei store skjønnsvurderingane. Ei slik løysing vil spare ressursar på mange område i tilskotsforvaltninga.

4 – Tilskot til jordbruksareal

Miljøkrav – forslag om å innføre vilkår i produksjonstilskotsforskrifta, der bonden må ha godkjent gjødselplan / sprøytejournal for å kvalifisere til areal- og kulturlandskapstilskot (AK-tilskot) – altså trekk av heile AK-tilskotet. Her kjem på ny spørsmål om sakshandsamar/kontrollør sitt skjønn. Med ein slik økonomisk verknad, skal det mykje til for at ein kontrollør går inn for å underkjenne gjødselplanen og trekkje heile AK-tilskotet. Store skilnader på utøving av skjønn ved handsaming kommunane imellom er verken samfunn eller miljø tente med.

Vindafjord kommune foreslår at det ved brot på vilkår for gjødselplan / sprøytejournal, eller ulovlig inngrep i kulturlandskapet vert innført ei «bot» i form av reduksjon av AK-tilskotet tilsvarande ein prosentsats (for eksempel 30 %) av det omsøkte arealet. Resultatet vil bli eit målretta verkemiddel som alle (både bonde / sakshandsamar / kontrollør) kan leve med.

Tilskot til avløyising

Avløysarlaget i kommunen er ein stor bidragsytar for både bøndene og forvaltninga. Dei syter for god dokumentasjon ved både avløyising ferie- og fritid og ved avløyising under sjukdom. Ordninga med avløysarlag er bygd opp over tid, der hovudformålet har vore å skaffe hjelp til bonden ved ferie og fritid og til avløyising ved sjukdom. I tillegg til at det i dag er etablert system der mykje av dokumentasjonen skjer direkte via avløysarlag til Fylkesmannen på ein effektiv og lite arbeidskrevjande måte. Endringsforslaget kan vere med på å svekke avløysarlaget si rolle, og i neste omgang gå ut over dyra si velferd med tanke på at avløysarlaget på kort varsel kan stille med mannskap dersom akutt sjukdom oppstår. Avløysarlaga er avhengig av ei stabil medlemsmasse for å kunne fungere optimalt, og er sårbare for slike endringar som no er lagt opp til i regelverket. Ei omlegging av ordninga, vil krevje meir dokumentasjon og dermed meirarbeid for forvaltninga, noko som strir imot intensjonen med å forenkla forskrifta.

Vindafjord kommune foreslår at avløysarlaga i kommunane blir styrka. All dokumentasjon for avløyising som utløyser tilskot må dokumenterast via avløysarlaget, som er den profesjonelle aktør for denne ordninga. Ei gradvis avvikling av avløysarlaget sin funksjon vil få store ressursmessige konsekvensar for kommunar/fylket. Avløysarlaga gjer ein grundig jobb med å avlaste forvaltninga i alle ledd. I tillegg kjem omsynet til dyra si velferd dersom bonden brått blir sjuk og treng hjelp frå landbruksvikarane som i dag blir administrert av avløysarlaga. Ved å opne opp for fleire aktørar som ikkje har same fokus når det gjeld dokumentasjon, kan intensjonen med tilskot til avløyising bli svekka.


Arne Sofie Sandvik
Einingsleiar Areal- og forvaltning


Sissel Lilleland
Seniorrådgjevar Landbruk